

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 1. november 2019 11:01  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 38/2019, 1. NOVEMBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 38/2019, 1. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### VEL GJENNOMFØRTE UTDANNINGSDAGAR

Utdanningsdagane 2019 har igjen vorte gjennomført på ein god måte, 30.-31. oktober. Takk til alle som har vore involvert i denne stormønstringa for godt over 1.000 elevar i vidaregåande skule og på folkehøgskular i regionen: Både studentar, faglege og administrative fortener ros for å stille opp og informere om fagmiljøa og studiestaden. Tilreisande lærarar har gitt uttrykk for at arrangementet har fungert godt og at elevane - dei framtidige studentane - har fått god informasjon på dei mange stasjonane for utdanningane.

### HVO-BESØK I SØR-KOREA OG JAPAN

Rektor og to tilsette ved internasjonalt kontor vil i tida 2.11.-9.11. delta i ein norsk delegasjon som følgjer statsråd Iselin Nybø til Sør-Korea og Japan. Delegasjonsreisa går til Seoul og Tokyo og på reisa vil statsråden og følgjet møte politikarar og partnarar innan forskning og utdanning i dei to landa.

Høgskulen i Volda vil besøke fleire universitet der vi har utvekslingsavtalar. Blant anna Rikkyouniversitetet i Tokyo som tidlegare har besøkt høgskulen i Volda to gonger, siste gongen var også rektoren (presidenten) i Volda. Dei andre universiteta som skal besøkast er Yamanashi Gakuin University (Tokyo) og Sejong University (Seoul). Les meir om Rikkyouniversitetet:

<https://nn.wikipedia.org/wiki/Rikkyouniversitetet>

### OVER 350 ÅRSVERK: REKORDMANGE TILSETTE VED HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda har aldri hatt så mange tilsette som no. Pr 1.10.2019 utførte høgskulens tilsette 351 årsverk. Det var ca 12 årsverk fleire enn i 2018. Det tek til å nærme seg ei dobling av tal tilsette sidan høgskulen vart etablert i 1994. I 1994 vart det utført 194 årsverk ved høgskulen. Auken dei siste fem åra har stort sett kome på avdelingane som har auka talet på årsverk med ca 45. I fellesadministrasjonen har det vore nokså stabilt ca 75-80 årsverk dei siste fem åra. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning er største eininga på høgskulen med ca 115 årsverk. Deretter kjem Avdeling for samfunnsfag og historie med 66 årsverk, mediefag med 57 årsverk og kulturfag med 35 årsverk. Les meir på nettsidene til DBH (Database for statistikk om høgre utdanning): <https://dbh.nsd.uib.no/>

### STUDIEBAROMETERET: HØGSKULEN LIGG OVER LANDSGJENNOMSNIET I SVARPROSENT

Studentar i heile landet kan svare på undersøkinga Studiebarometeret fram til 12. november. Studentane ved Høgskulen i Volda har dei siste åra hatt blant dei høgste svarprosentane i landet. Også i 2019 ligg høgskulen godt an og ved månadsskiftet oktober/november låg høgskulen ca 10 prosent over landsgjennomsnittet.

Her er oversyn over svarprosentar på høgskulens avdelingar og studium:

<https://results.dk/Status?guid=TN6ZU51K3K9N>

### NYBYGGET: SAMANBYGGING MED STRØM-HUSET OG SYKKELPARKERING

Det nærmar seg byggstart for nybygget og når vi kjem til midten av november vil arbeidet starte. Nokre av spørsmåla som har vorte avklara i det siste er at nybygget blir bygd i hop med Strøm-huset med ein gang. Det var noko uklart om dette låg innanfor prosjektet, men det er no innanfor. Det blir ein kort gang av same type som

Lillestrøm og gangen mellom Berte Kanutte-huset og Synnøve Riste-huset. Det vil også kome innandørs sykkelparkering med ca 30 plassar i tilknytning til nybygget. Sykkelparkering er altså ikkje teke ut av prosjektet.

### **KHRONO: HØGSKULEN I VOLDA HAR HATT BUDSJETTVEKST PÅ GJENNOMSNIET**

I ein artikkel i nettavisa Khrono går det fram at Høgskulen i Volda i åra 2017-2020 har hatt ein budsjettvekst på 12,2 prosent, medan gjennomsnittet for sektoren har vore 12,3 prosent dei same åra. Størst vekst har Høgskolen i Molde hatt med heile 23,8 prosent og det har hovudsakleg skjedd gjennom tildeling av midlar til nye studietilbod i Kristiansund. Les artikkelen i Khrono:

<https://khrono.no/finansieringsordning-statsbudsjettet-statsbudsjettet-2020/universitetet-i-oslo-taper-aller-mest-i-kampen-om-ressursene/414649>

### **LÆRINGSVERKSTADKURS FOR ALLE VED HVO**

Første veka i november kan alle som arbeider ved høgskulen melde seg på kurs i Læringsverkstaden i biblioteket. Første kurs er "Rettleiing, aktivitetar og vurdering i Canvas". Du kan ta kurset på tre måtar: 1) Digitalt når det passar deg, 2) Saman med andre ved å melde deg på verkstadkurs anten tysdagar eller torsdagar 14.15-16, eller 3) Med støtte frå studentvakta som er tilgjengelig i Læringsverkstaden i Biblioteket tysdag til torsdag 12-16.

Les meir på [www.hivolda.no/L](http://www.hivolda.no/L)

### **INTERNATIONAL NIGHT: TSJEKKISK-SLOVAKISK-KVELD PÅ ROKKEN**

Internasjonal kveld på Rokken er eit fast arrangement der internasjonale studentar får presentere sine land overfor norske og andre internasjonale studentar. Tsjekkisk-Slovakisk kveld vart arrangert 24. oktober, visstnok med fokus på dessert.

<https://www.hivolda.no/english/great-success-international-nights>

### **BENTE VATNE: NORDISK SAMARBEID OM BARNEHAGELÆRARUTDANNING**

Bente Vatne deltek i eit Nordplus-støtta nettverk som arbeider med tidleg literasitet og barnehagelærerutdanning i lag med forskarar frå Gøteborg, København og Universitetet i Sør-Øst Noreg. Gruppa vil samanlikne forskning på tidleg literasitet og barnehagelærerutdanning i dei deltakande landa.

<https://www.hivolda.no/laerartutdanninga/nordisk-nettverksmote-kobenhavn>

### **ROLF WERENSKJOLD: GJESTEREDAKTØR I FILMTIDSSKRIFT**

Professor Rolf Werenskjold ved Avdeling for mediefag har vorte peika ut som gjesteredaktør i tidsskriftet Journal of Scandinavian Cinema. Werenskjold skal redigere ei spesialutgåve med tittelen: "German pressure: Spy films and political censorship in Norway, 1914-1940."

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/gjesteredaktor-og-bidrag-internasjonalt-filmtidsskrift>

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

22.10.-12.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

### **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

